FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Dagny K. U. Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post dagny.alvik@fylkesmannen.no

Vår dato.
04.06.2015

Vår referanse
2011/3846
Rapportnummer
2015.036.I.FMSF

Norsk Gjenvinning AS, avd. Førde
Flovegen 1
6800 Førde

Tilsyn ved Norsk Gjenvinning AS, avd. Førde

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også stadfesting av kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Stig Aamelfot, Tore Sørbø og Erlend Harbakk	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Grete Haugan og Dagny Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: ☒ Internkontroll (ytre miljø) ☒ Risikovurdering ☒ Utslepp til luft eller vatn ☒ Støy ☒ Løyvet med vilkår ☐ Forskriftskrav ☐ Anna:	☐ Avfallshandtering ordinært avfall ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) ☐ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) ☐ Sikkerheitsdatablad ☐ Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: ☐ Frekvensbasert inspeksjon ☐ Frekvensbasert revisjon ☒ Kontrollaksjon ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før) ☒ Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	☐ Oppfølging av eigenrapport ☐ Oppfølging av klage/hending/tips ☐ Oppfølging av siste kontroll ☐ Kartlegging ☐ Anna:

<u>Hovudfunn frå kontrollen</u>
Det vart ikkje påvist avvik frå ureiningsregelverket, men gjeve 1 merknad.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Med helsing

Grete Haugan
senioringeniør

Dagny K. U. Alvik
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): **Norsk Gjenvinning AS, avd Førde**	Verksemdnr.: **988551880** Eigd av: **937270062**
Kontaktperson: **Stig Aamelfot**	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: **1432.0001.04**
☒ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: **17.02.2014**
Risikoklasse: **3**	Gebyrsats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. utsleppsløyvet): **12 200,-**

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Denne kontrollen er del av ein landsdekkande aksjon mot biloppsamlingsplassar som er gjennomført av alle fylkesmenn i samarbeid med Miljødirektoratet. Alle kontrollane i aksjonen er gjennomført i mai 2015.

Kontrollen ved Norsk Gjenvinning AS vart gjennomført den 5.05.2015 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. I tillegg til ein rapport til den enkelte verksemda (dette dokumentet), vil Miljødirektoratet samle inn og summere opp resultata frå aksjonen.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiks-lovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3. Oppfølging etter kontrollen

Innan **den 17.08.2015** må de gjere greie for vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknyting til vår merknad. Om vi vurderer at dykkar melding ikkje er tilstrekkeleg kan vi gjere vedtak om tiltak.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 17.02.2014. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 200,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Verksemda si miljørisikovurdering for biloppsamlinga kan bli betre

Kommentarar:
Verksemda har gjennomført ei eiga miljørisikovurdering for biloppsamlinga. Det var i hovudsak teke med vurdering av sjølve saneringa av ulike fraksjonar. Denne bør utvidast til å omfatte litt fleire forhold på kva som kan vere risikofullt. Dømer som vart omtala under kontrollen er til dømes ufullstendig sanering av bilen og eventuell brann.

8. Andre tilhøve

Verksemda starta med biloppsamling i januar i år, og har om lag teke imot 50 bilar sidan oppstart.

I etterkant av kontrollen har vi hatt nokre avklaringar. Dette gjaldt:

- Liste med bilar som inneheld kvikksølvkomponentar er ikkje fullstendig. Det same gjeld IDIS databasen.
- Airbags med små mengder sprengstoff blir ikkje krevd fjerna pga store praktiske problem med å få dei ut, pluss at miljøproblemet antakeleg ikkje er stort og fordi ladninga ofte blir deaktivert ved at den går av i fragmenteringsanlegga.